



Ivar Gundersen (52) er tilsett i stillinga som banksjef i Sparebank1 SR Bank på Husnes.

Ivar Gundersen (52 år) er tilsett som banksjef i SpareBank1 SR Bank på Husnes etter Synnøve Handeland. Gundersen kjem frå stilling som logistikkansvarleg på Kværner Stord. Før det han han hatt ei rekkje sentrale stillingar både på Kværner, i Statoil og Hydro. Ei tid hadde han arbeidet sitt i Odde.

Ivar Gundersen har ein allsidig yrkesbakgrunn frå fleire bransjar. Han har lang leiarerfaring. Utdanninga si som økonom har han frå Bedriftsøkonomisk institutt med tilleggsutdanning frå Universitetet i Stavanger og Norges Handelshøgskule.

Lokalt er Ivar Gundersen godt kjend i fotballmiljøet. Han har hatt trenaroppgåver og vore med i administrativt arbeid for idretten. Han har engasjert seg i bygdeutviklingsarbeid med mellom anna tilrettelegging av byggefelt i sentrum av Uskedalen.

Gundersen vaks opp i Bergen der familien budde ovom Fjellveien og seinare på Alvøen. Han var mellom anna elev på Lyderhorn ungdomsskule. Familien kom til Uskedalen i 1982 og flytta straks inn i det huset far hans, Leon Gundersen, har i dag. Ivar Gundersen var eit år elev på Bergen Handelsgymnasium før han kom til gymnaset på Husnes. Seinare vart det høgare utdanning.

Den nye banksjefen tek til i stillinga etter sommarferien.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Grenda